



Referat

Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde

Dato og tid:	9. desember 2021 kl. 10:00 – 13:00
Møtestad:	Digitalt møte på Teams
Møteleiar:	Åshild Sønsteby (Ulvik herad)
Til stades:	Stein Johnny Heggstad (brukarrep.), Olav Lødemel (Voss sjukehus), Grete Lill Hjartnes (SSE), Solrun Hauglum (Vaksdal), Karin Flatabø Thrane (Eidfjord), Kjersti Nordanger (Voss), Dag Erlend Skjelbreid (Kvam), Frédéric E. Larsen (Voss DPS NKS Bjørkeli), Randi-Luise Møgster (HUS), Trude Hjortland (HUS)
Fråfall:	Ida C. Eide Aabrek (brukarrep.), Britt Heidi Tefre (NSF), Madeleine B. Skjelde (Voss sjukehus), Ragnhild Rykkje (fagforbundet),
Referent:	Reidun Braut Kjosås (SSE)

Nr.	Saksliste	Saks-type (Vedtak Drøfting Orientering)
46/21	Godkjenning av innkalling og saksliste Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknader.	
47/21	Formell godkjenning av referat frå møtet i Samarbeidsrådet 16. september 2021 Referat frå møtet i Samarbeidsrådet 16.september vart godkjent utan merknader.	V
48/21	Referat frå møte i underutvala <ul style="list-style-type: none">- Barn og unge, møte 30. sep. Spørsmål frå Solrun (Vaksdal): Auke på BUP, 39% og mangel på psykologar. Er det grunn til uro? Randi-Luise (Helse Bergen) svarar at ja det er krevjande. Har styrka budsjett, men personell er krevjande. Jobbe meir i mellomrommet mellom oss. Her må me få til meir utvikling. Mykje eteforstyrningar.- Rehabilitering, Ingen merknader til referatet men eit spørsmål frå Fredrik (Bjørkeli). Skal Bjørkeli framleis delta i dette underutvalet? SSE sjekkar kva som står i mandatet og kjem tilbake med svar på dette.- Pleie og omsorg Ingen merknader til referatet.	V
49/21	Covid-19 – orientering frå koordineringsgruppa og presentasjon av evaluering Dag Erlend orienterte om status frå pandemikoordineringsgruppa	O

	<p>Dag Erlend tok utgangspunkt i agenda som var brukt i førre møte i koordineringsgruppa (sjå vedlagt presentasjon).</p> <ul style="list-style-type: none"> - Koordineringsgruppa har diskutert ønska tiltak som har gått vidare til Statsforvaltar og nasjonalt. - Over tid har både kommunar og føretak meldt at dei er på «strek» - Utfordringar med personell - Underutval personell har delteke i dei siste møta. Drøftar korleis ein rekrutterer. Ikkje felles utlysing, fordi ein då ikkje treff godt nok. - Vaksinestatus. Auke i tal vaksinerte dei siste to vekene knytt til 3.dose - Alderssamansetning på positive tilfelle er særleg tydeleg hos dei yngre - Lab status: <ul style="list-style-type: none"> o Kor mange svar innan 24 t. o Tal positive stig. o Analysetida går litt opp fordi anna luftvegsprøvar kjem og til, t.d. RS virus <p>Godt samarbeid i gruppa. Gruppa har ei viktig rolle i arbeidet med pandemien og bidreg til å halde motet oppe. Det kjem gode tilbakemeldingar frå Statsforvaltaren.</p>	
50/21	<p>Møteplan 2022 Solrun (Vaksdal) kan ikkje møta 08.03.22.</p> <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til forslag til møteplan for 2022. Dersom to eller fleire kommunar ikkje kan møta, bør møtedato endrast.</p>	V
51/21	<p>Årleg gjennomgang av avtaleverket</p> <p>Vedtak: Samarbeidsrådet sluttar seg til samarbeidssekretariatet si tilråding i saka.</p>	V
52/21	<p>Handlingsplanen SSE orienterte om saka. Kommentar til punkt 1.2 (tenesteavtale 8) i forslag til Handlingsplan for 2022. Helse Bergen orienterte om at KK arbeider med forløp og er i god dialog med kommunane. Føreslår å vurdere om dette punktet treng å stå i Handlingsplanen for 2022.</p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde tek SSE sin status for arbeidet med Handlingsplan for 2021 til orientering. 2. Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde sluttar seg til utkast til Handlingsplan for 2022 og ber SSE legge fram endeleg Handlingsplan til handsaming i februar 2022. 3. Samarbeidsrådet ber SSE vurdere om punkt 1.2 (revisjon av tenesteavtale 8) i forslag til Handlingsplan for 2022 kan takast ut av planen. 	V
53/21	<p>Læringsnettverk for gode pasientforløp i regi av KS Astrid Toft frå KS orienterte om saka.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Læringsnettverk for gode pasientforløp starta opp i 2014. • Til no har 160 kommunar delteke. • Tiltaket er finansiert over statsbudsjettet og har midlar ut 2023. 	O

	<ul style="list-style-type: none"> • Læringsnettverket er rigga slik at det er tilpassa lokale forhold. Deltakarane bestemmer sjølve kva fokus dei vil ha. • USHT er viktig samarbeidspartner i dette arbeidet. • Læringsnettverket vil føregå over 18 månadar. <ul style="list-style-type: none"> ○ 4 samlingar ○ digitale og fysiske samlingar • Kommune og føretak må laga eit forbetringstem som vert nøkkelpersonar i arbeidet. • Gode heimesider med mykje informasjon. • Invitasjon til deltaking i nettverket vert sendt ut før jul <ul style="list-style-type: none"> ○ Oppstart februar/mars, dette for å nå fristen innan 2023. <p>Spørsmål som kom opp i møtet</p> <ul style="list-style-type: none"> - For små kommunar kan det vera særleg ressurskrevjande og delta med ei heil gruppe. Er det mogleg å tenka samarbeid på tvers av kommunar? <ul style="list-style-type: none"> ○ Ja, me forstår at dei minste vil ha behov for samarbeid og det er heilt i orden. - Korleis tenkjer dette knytt til underutvala, kva med Helsefellesskap? Integrrert eller parallelt? <ul style="list-style-type: none"> ○ Dette tiltaket matchar dei faglege samarbeidsutvala. Vel til dømes ut frå dei prioriterte gruppene. Bruke dette nettverket som drivkraft/drahjelp. <p>Helse Bergen ser dette tilbodet som eit verkemiddel i Helsefellesskapet. HB deltek om kommunane ønskjer.</p> <p>Kjersti (Voss) trekk fram at deltaking i nettverket kan bidra til at me kjem godt i gang med dette arbeidet. God drahjelp inn mot ny modell (helsefellesskap) .</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde oppmodar kommunar og helseføretak til å førebu seg til å delta i læringsnettverk for gode pasientforløp, og melde seg på når invitasjon til læringsnettverk for gode pasientforløp kjem.</p> <p>Samarbeidsrådet legg og til at det er viktig at særleg små kommunar kan samarbeida omkring deltakinga.</p>	
54/21	<p>Etablering av helsefellesskap</p> <p>Orientering om status og vidare framdriftsplan ved Åshild Sønsteby (Sjå vedlagt presentasjon).</p> <p>Åshild (Ulvik) og Åslaug (Kvam) deltek frå utvalsområde i arbeidsgruppa for Helsefellesskap. Kommunalsjefane i lokalsjukehusområdet har hatt eige møte der utkast til strukturforslag har vore diskutert. Rådmenn og kommuneoverlegar er og inkludert i forankringsarbeidet.</p> <p>Det kom opp spørsmål om faglege samarbeidsutval. Det som ligg i strukturforslaget er knytt til felles faglege samarbeidsutval for heile føretaksområdet (t.d. pr. i dag MFU og UFAB). Lokale underutval kan framleis halda fram. Dei lokale Område utvala vil kunne oppretta og leggja ned lokale underutval. Det som fungerer må kunne halde fram, men bør henga saman med strukturen.</p>	O

55/21	<p>Utviklingsplan 2035, Haraldsplass Diakonale Sjukehus Rebekka Ljosland frå Haraldsplass Diakonale sjukehus orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon).</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ny og kortfata utviklingsplan for HDS blir sendt ut for ein innspelsrunde i februar. Planen kjem og opp til drøfting og dialog i SU runden i mars. - Utviklingsplanen må vera klar innan 1.april (frist sett av Helse Vest). - I planen er det trekt fram 14 områder sjukehuset ønskjer å utvikla seg på. <p>Innspel frå Samarbeidsutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er litt kort frist for tilbakemelding. HDS er klar over dette, men må likevel ta denne fristen - Kva ligg i digital utviklingsplan? Kjem den på nett og at me der kan gje innspel via ei nettside. <ul style="list-style-type: none"> o Nei det vert ikkje ei eige nettside og moglegheit for digitale innspel per no. - Ei målsetting om implementering på alle nivå er bra. Korleis? <ul style="list-style-type: none"> o Brei forankring internt. o Skal nyttast i det daglege arbeidet. o jobba for å få informasjon ut i heile organisasjonen. <p>Vedtak Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde tek saka til orientering</p>	O
56/21	<p>Utviklingsplan 2035, Helse Bergen HF Ingvild Sunde og Nina Christin Næsheim frå Haukeland universitetssjukehus orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Helse Bergen HF sin utviklingsplan vart sist vedteken i 2018. Den gong var det ein god og involverande prosess (to store samlingar våren 2018 samt ein høyringsprosess over 3 månadar) - No gjeld det ei justering av Helse Bergen sin utviklingsplan. Bakgrunnen er at ny Helse og Sjukehusplan kom med nye føringar. Mellom anna at planen skal digitaliserast. - Planen skal justerast. I det ligg det å oppdatere faktagrunnlag, korte ned og digitalisere den. Planen skal bli lettare å lesa og lettare tilgjengeleg - Hovudlinene ligg fast. - Kva har me gjort: <ul style="list-style-type: none"> o Kutta 50% av sidene o Samlar utviklingsplan og strategi i eit dokument o Måla er tydlegare o Flytta tiltak ut i delplanar - Frist for ferdigstilling er innan utgang av mars 2022 til Helse Vest <p>Plan for vidare prosess</p> <ul style="list-style-type: none"> - Forslag til justert plan vert sendt til alle kommunane (via postmottak) i veke 50 - Ein mal for innspel vil følgja med planen - Frist for innspel er sett til 17.01.22 - SSe samlar innspela <p>Spørsmål frå Samarbeidsrådet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Korleis skal private ideelle delta? - Kva ligg i digital plan? - Kva med «psykisk helse framover» <p>Svar frå Ingvil (HB)</p>	O/D

	<ul style="list-style-type: none"> - Skal ha møte ang. involvering av private ideelle. - Byrjar litt digitalt, men dette vert fyrste skritt. Helse Stavanger skal i større grad digitalisera planen. Dei vert ein pilot på dette i Helse Vest. - Dette arbeidet vil sjå til rapporten som kjem om psykisk helsevern for framtida (rapport kjem i januar). <p>Samarbeidsrådet ønskjer at det vert invitert til ein innspelskonferanse i løpet av januar. På grunn av kort frist kan det då vera mogleg for fleire kommunar å gje innspel.</p>	
57/21	<p>Etablering av samhandlingsnettverk om barn som pårørnde</p> <p>Anita Bøe Lagos Koordinator Barn som pårørnde ved Haraldsplass orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon). Lene Hellesen frå Helse Bergen deltok og under denne saka.</p> <p>Alle kommunane i føretaksområdet er invitert til å delta i nettverket. Per no deltek 10 kommunar. I Voss lokalsjukehusområde deltek Vaksdal og Voss.</p> <p>Erfaring så langt er at samarbeidet fungerer godt og at det er behov for forankring i samhandlingsstrukturen.</p> <p>Samarbeidsrådet ber SSE synleggjera korleis dette arbeidet (og kanskje fleire nettverk) heng saman med Helsefelleskap (fagleg samarbeidsnettverk).</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsrådet støttar forslaget om å etablere og formalisere nettverk for barn som pårørnde slik det er omtalt i saksgrunnlaget.</p> <p>Partane bes om å melda inn namn på aktuell representant (og eventuelt vararepr.) til SSE innan 15.01.2022</p>	V
58/21	<p>«Samhandlingsforløp barn og unge»</p> <p>Simon Øverland, prosjektleiar Helse Bergen orienterte om prosjektet (sjå vedlagt presentasjon)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kvifor er dette arbeidet viktig? <ul style="list-style-type: none"> o Glassblokkene (samhandling internt i HB) o Helsefelleskapet (barn og unge er framheva målgruppe) o Fag og tenesteutvikling (behov for betre samanheng i tenester og tilbod for barn og unge) - Kva tenker me må gjerast? <ul style="list-style-type: none"> o Kartleggja o Tiltak o Prøve ut <p>Randi-Luise (HB): Målet med å ta dette inn i samarbeidsutvala er å koma i tidleg dialog.</p> <p>Kjersti (Voss): Fin presentasjon og viktig tema. Kva med oppvekst og kultur i kommunane? Dei bør og inn i dialogen i tillegg til oss i helse. Viktig å setje inn førebyggjande tiltak med tanke på framtida.</p>	O
59/21	<p>Samhandling for å styrke det alderspsykiatriske tilbodet</p> <p>Åshild Sønsteby orienterte om saka.</p> <p>Dag Erlend (Kvam): Godt innspel. Kjenner meg igjen i dette. Mange eldre med eit komplisert sjukdomsbilde der psykisk sjukdom ofte er ein del. Treng å styrkja samhandlinga med Olaviken.</p>	O/D

	<p>Randi-Luise (HB): Ei viktig sak. Det er ein del tiltak på gang, men må arbeidast vidare. Arbeid med «Psykisk helse for framtida» er eit døme på arbeid som er i gang. Nokon prøver ut primærhelseteam, dette kan kanskje vera aktuelt og for andre. Det skal vera ein evalueringskonferanse knytt til primærhelseteam den 19.januar 2022.</p> <p>Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde ønskjer at denne saka vert inkludert på Handlingsplanen for 2022. Tiltaket bør forankrast i arbeidet med helsefelleskap.</p>	
60/21	<p>Spesialisthelsetenester; tilbod i Voss og i regionen</p> <p>Kjersti (Voss) orienterte om bakgrunnen for brevet Voss herad (ved eldrerådet) har sendt til Helse Bergen HF. Innhaldet i brevet er knytt til spesialistheimlar i lokalsjukehusområde.</p> <p>Randi-Luise (HB): Dette er ei viktig sak. Avtalespesialistar vert tildelt frå Helse Vest. HB prøver å styra dette med at me tek innspela inn til Helse Vest. Seksjon samhandling ved Nina Næsheim og Marta Ebbing tek innspelet med seg i vidare arbeid.</p> <p>Olav (HB): Det har vist seg tungt å flytte på etablerte heimlar. På Voss har det vore to spesialistar den siste tida; auge og hud. Det er for mange spesialistheimlar sentralisert i Bergen. Viktig at kommunane er tydelege på kva behov dei har. Det er no ei god anledning til å ta dette inn i arbeidet med nytt sjukehus. Det er mykje ein kunne sett på lista. Helse Bergen kan påverke, men treng drahjelp frå kommunane.</p> <p>Kommunane støtter denne saka. I fleire kommunar er saka orientert om. Det må gjerast eit arbeide for å behalde og få fleire desentraliserte spesialistheimar.</p> <p>Vedtak</p> <p>Samarbeidsrådet ber SSE om å utarbeida eit notat som kan sendast til Helse Vest med kopi til HB. I notatet bør det koma fram fleire argument for kvifor desentraliserte spesialistheimlar bør prioriterast (tenester nær der folk bur, demografi utfordringar, tidsbruk for pasient og pårørande, miljøbelastning, bruk av frivillige si tid mv). Døme på spesialistheimlar som kan tenkast er pediatri, hud, auge og nevrologi.</p>	V
61/21	<p>Orientering om E-helse Vestland</p> <p>Solrun Hauglum (Vaksdal) orienterte om saka (sjå vedlagt presentasjon)</p> <p>Åslaug (Kvam) og Solrun (Vaksdal) deltek i forankringsgruppa. Randi-Luise (HB) deltek i styringsgruppa.</p>	O
62/21	<p>Orientering frå partane</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vaksdal kommune <ul style="list-style-type: none"> o utfordrande budsjettprosess o nytt omsorgsbygg - Voss herad <ul style="list-style-type: none"> o god kapasitet (ledige langtids plassar men fult på korttid) - Ulvik herad <ul style="list-style-type: none"> o Ressursutfordringar o Lite smitte. Ser ut til å vera under kontroll - Eidfjord kommune <ul style="list-style-type: none"> o utfordring med ressursar (alle nivå) o avhengig av samarbeid på tvers. Har inne mange vikarar o samarbeider godt med sjukehus og kommunane 	O

	<ul style="list-style-type: none"> - Kvam herad <ul style="list-style-type: none"> ○ utfordringar om personell, men går rundt ○ generasjonsskifte blant fastlegane. Behov for å rekruttera fleire fastlegar ○ godt samarbeid i regionen - Helse Bergen - HUS <ul style="list-style-type: none"> ○ Barne- og ungdomsklinikken hevar aldersgrensa. Frå 1.jan 2022 skal alle 16-åringar tilvisast BUK. Trinnvis heving av aldersgrensa. Frå 2023 vil alle pasientar under 18 år bli behandla i Glassblokkene. ○ Fastlegemangel. Kor skal ein tilvisa pasientar som ikkje har fastlege? Saken vert sendt til medisinsk fagleg utval (MFU) slik at dei kan senda den ut til kommunane for utredning og kartlegging - Helse Bergen – Voss sjukehus <ul style="list-style-type: none"> ○ akuttavdeling på plan 3 – bru frå sjukeheim til sjukehus. Er godt fornøgde. Skal få til ein ny intensiv og akuttavdeling. Mogleg interkommunal legevakt vegg i vegg ○ krevjande situasjon i kommande periode. Mange nye IKT løysingar som skal på plass, samtidig som ein skal handtera pandemien - Bjørkeli <ul style="list-style-type: none"> ○ auke i tal henvisingar ○ Utfordringar med rekruttering av personell, særleg psykologar og psykiater ○ Private og ideelle har og fått i oppdrag og lage utviklingsplan. Eiga nettside er utvikla i høve utarbeiding av denne planen <ul style="list-style-type: none"> ▪ www.vossaplan.no 	
63/21	Eventuelt	

Neste møte 8.mars 2022 på Voss sjukehus eventuelt på teams.